

Universitetet for miljø- og biovitenskap

Årsrapport 2004



Innhold

Historisk endring	3
Utvalgte saker	6
Noregs nyaste universitet	6
Vanvittig opptur!	7
Lys forbeholder utemiljøet	8
Musikk for Einstein	10
Styringsorgan og administrasjon	12
Universitetsstyret	12
Organisasjonskart	14
Årsmelding frå styret	17
Undervisning	17
Forsking	22
Formidling	26
Styringa av institusjonen	28
Personalsituasjonen	31
Helse, miljø og sikkerhet	34
Bygningar og tekniske anlegg	35
Miljøspørsmål	36
Rekneskap 2004	38
Noter til rekneskapen	42
Prinsipp for rekneskapen	50
Resultatdisponering	51
Tildelte doktorgrader 2004	53
Adresser	56
Summary in English	59

Historisk endring

Noregs landbrukshøgskole (NLH) fekk universitetsstatus og nytt namn (Universitetet for miljø- og biovitenskap, UMB) frå og med 1. januar 2005, jf. Kongeleg resolusjon av 10.12.04. NLH har hatt eit langsiktig mål om å bli universitet, og endringa av namn og status er difor ei viktig strategisk hending. UMB skal framleis spele ei sentral rolle innanfor fagområda som NLH tradisjonelt har ivareteke. Universitetets samfunnsoppdrag er likevel mykje breiare enn landbruk i tradisjonell forstand, slik også visjonen for UMB slår fast.

NLH søkte om universitetsstatus i 2003. Første steg på vegen var godkjenning av eit system for kvalitetssikring, og Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) godkjende våren 2004 NLHs system. Seinare på hausten gjennomførte NOKUT ei fagleg vurdering, og den sakkyndige komitéen konkluderte samrøystes med følgjande:

”Det er komitéens klare og enstemmige oppfatning at Norges landbrukshøgskole tilfredsstiller kriteriene for å bli akkreditert som universitet. Det er samtidig grunn til å understreke at det ikke er tvil om at alle kriteriene som komitéen har lagt til grunn er oppfylt.”

Som universitet har UMB i Ås ei rekkje utfordringar. Vi vil spesielt trekkje fram følgjande område:

Ny strategisk plan

UMB starta arbeidet med ny strategisk plan hausten 2003. Etter høyringar i organisasjonen og handsaming ved institutta, vedtok styret den nye planen i november 2004. Den fastset overordna ramme for satsingsområda ved universitetet i perioden 2005 – 2008. ”Mat – natur – helse” er valt som hovudparole for verksemda dei neste fire åra. Planen fastset følgjande overordna visjon og mål:

”Universitetet for miljø- og biovitskap skal gjennom utdanning og forskning medverke til å sikre livsgrunnlaget for dagens og framtidens generasjonar.

- UMB skal vere ein sentral aktør innanfor miljø- og biovitskapane, med vekt på kjerneområda; biologi, mat, miljø, areal- og naturressursforvaltning, med tilhøyrande estetiske og teknologiske fag.
- UMB skal aktivt medverke til næringsutvikling, og vidareutvikle det vitskaplege fundamentet for landbruk, akvakultur og andre biobaserte næringer.”

Rehabilitering av bygningar

I høve til lover og forskrifter har bygningar og tekniske anlegg ved UMB eit formidabelt etterslep i vedlikehald. Ein tilstandsrapport frå Statsbygg våren 2002 konkluderte med eit investeringsbehov på ca. 750 mill. kroner. Vel 60 prosent av vedlikehaldsbehovet er klassifisert til å vere av alvorligaste grad, med tilråding om utbetring innan 0 til 5 år frå registreringstidspunktet (2001–2002). I budsjettforslaget for 2005 må vi konstatere at det har gått 5 år utan at det har kome løyvingar til sjølve rehabiliteringsarbeida. I mellomtida har etterslepet vakse. Det kan på ingen måte dekkjast innanfor UMBs ordinære budsjett.

UMB ser heldigvis ei positiv utvikling i denne saka. Ved utgangen av 2004 fekk universitetet blant anna ei mindre

ekstraløyving til rehabilitering. UMB forventar også at forprosjekta for Sørhellinga og Urbygningen no vert følgde opp med prosjektløyvingar til gjennomføring av rehabilitering. Vi reknar også med å kunne halde fram med planlegging av nye forprosjekt. Rehabiliteringsarbeidet skjer i nært og godt samarbeid med departementet og Statsbygg.

Utdanning

UMB utdannar kandidatar som skal tilføre samfunnet nye kunnskapar på universitetets fagområde, og medverke til berekraftig utvikling. Utdanninga har eit tydeleg internasjonalt perspektiv. Ved utgangen av 2004 hadde universitetet 2635 registrerte studentar, og det vart uteksaminerte 639 kandidatar. UMB skal framleis medverke til livslang læring og kompetanseheving i nærings- og samfunnsliv.

Innanfor dagens ramme er dei sentrale utfordringane for UMB:

- Sikre at utdanninga held eit fagleg nivå på høgde med dei beste universiteta internasjonalt
- Auke studenttalet på Campus til ca. 3000 i løpet av den strategiske planperioden
- Auke talet på primærsekkjarar til studieprogramma
- Auke bredda i studietilbodet ved å byggje på, og utvide eksisterande fagmiljø
- Vidareutvikle og styrkje læringsmiljøet
- Auke talet på utvekslingsstudentar

Forskning

Innanfor sine kjerneområde skal UMB vere i forskingsfronten, og aktivt stimulere til tverrvitskapleg forskning innanfor mat, natur og helse. Universitetet skal profilere seg gjennom internasjonalt anerkjende forskargrupper.

Innanfor dagens ramme er dei sentrale utfordringane for UMB:

- Nå målet om å produsere minst ein

vitskapleg artikkel per vitskapleg årsverk

- Nå målet om 20 vitskaplege tilsette per år i forskingstermin med opphald i utlandet
- Gje satsingsområdet "helse" eit godt innhald i høve til kjerneområda for forskning, og å gjere denne satsinga tydeleg eksternt
- Vidareføre gode arbeidsforhold for dei fremste forskingsmiljøa ved institusjonen. UMB er vertskap for Aquaculture Protein Centre (SFF) og Centre for integrative genetics (FUGE)

Omstillingsprogrammet 2001-2005

I 2000 vedtok høyskolestyret ein omstillingsplan for perioden fram til 2005. Den har medverka til å frigjere ressursar som vi så har sett inn på prioriterte satsingsområde. Omstillingsprogrammet har vore av stor verdi for UMB, og mellom anna bidrege til følgjande resultat:

- NLH blei i 2004 akkreditert som universitet.
- Betre marknadsføring har snudd ein klart negativ trend i studentsøkninga til studieprogramma.
- Større produksjon av doktorgrader.
- Alle studieprogramma er lagde om i samsvar med Kvalitetsreforma.
- Organisasjonen er effektivisert ved å redusere talet på institutt frå tolv til åtte. Instituttleiarane er tilsette på åremål, og styringforma er lagd opp etter ein felles mal.
- Det er ført fram kablar for høghastighetsnett på heile campus med tilgang for alle databrukarar.



Knut Hove

Rektor Knut Hove



Einar Eriksen

Adm. dir. Einar Eriksen

Omstillingsprogrammet vert avslutta i løpet av 2005. Totalt er 47 mill. kroner trekte inn frå institutt og avdelingar, og omfordelte til prioriterte område. Ambisjonen om å fordele desse midlane med 45 prosent til strategiske satsingar, 45 prosent til prioriterte driftstiltak ved institutta, og 10 prosent til incentiv er nådd.

UMBs samfunnsrolle, randsonerolle og innovasjon

Saman med samarbeidspartnarar i Noreg og i utlandet skal UMB tilføre norsk høgare utdanning og forskning ein unik kombinasjon av teoretisk og anvendt utdanning og forskning innanfor akvakultur og heile spektret av grøn sektor.

UMB har nært samarbeid med randsonerolle institutta i Ås. Saman utgjer vi ei av Noregs største forskingsklynger. Institusjonane i Ås, inkludert UMB, skal gjennom fellestiltak i budsjettperioden vidareføre ein tydelege næringslivsprofil, blant anna gjennom UMBs Technology Transfer Office (TTO), Bioparken AS og Biopolis BA, og ved nærare samarbeid om kommersialisering og lisensiering.

Sentrale utfordringar:

- Styrkje randsonerolle ved å skape og drifte gode forskargrupper med medlemmer frå universitetet og campus-institutta
- Leggje vekt på innovasjon og entreprenørskap, og medverke til kommersialisering av forskingsresultat som har potensial for verdiskaping.

Noregs nyaste universitet

Noregs landbrukshøgskole vart til Universitetet for miljø- og biovitskap frå og med 1. januar 2005. Eit langsiktig og omfattande arbeid har ført fram til dette viktige vedtaket for UMB.

- Det er naturleg at namnet på det nye universitetet femner dagens primærverksemd med landbruk, skogbruk og naturforvaltning. Samstundes signaliserer det at universitetets samfunnsoppdrag er breiare enn landbruk i tradisjonell forstand, sa utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet då endringa vart gjort kjend.

Viktig overgang

Landbruks- og matminister Lars Sponheim tykkjer det er flott at Noreg endeleg får eit grønt universitet.

- Overgangen frå landbrukshøgskole til Universitet for miljø- og biovitskap reflekterer nærings- og samfunnsutviklinga generelt, der landbruk blir meir enn landbruk.

Før var det Stortinget som fatta vedtak om oppretting av universitet. Noregs landbrukshøgskole er den første vitskaplege høgskolen som er godkjend som universitet, etter at det i 2002 vart opna for at høgskolar kan bli universitet dersom dei oppfyller kriterier som er fastsette i Lov om universiteter og høgskoler.

Spiss fagprofil

- Vi får to nye og annleis universitet frå og med 1. januar 2005. Universitetet i Stavanger og Universitetet for miljø- og biovitskap skal i tillegg til å oppfylle dei akademiske krava, ha ein spissare fagprofil med særleg relevans for regional verdiskaping. Ås-miljøet har lukkast med å skape ei næringsklynge med anvendte, spesialiserte forskingsinstitusjonar innanfor eit breitt



Kristin Clemet med gåva til UMB og rektor Knut Hove.

felt. Den nye universitetsfamilien har ikkje berre blitt talrik, men også mangfaldig, seier Kristin Clemet.

Glede i Ås

Den nye statusen som universitet blei motteken med stor glede i Ås.

- Vi skal gjere vårt beste for at dette skal gjere studentane eit endå betre studietilbod. Endringa stadfestar at vi har forskings- og utdanningsfagleg breidd. Det er eit langsiktig og omfattande arbeid som no har ført fram til dette viktige vedtaket. Universitetsstatus og namneendring er ei stadfesting på at vi utviklar oss i rett retning, seier rektor Knut Hove.

Det er Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), eit uavhengig fagleg organ under Utdannings- og forskingsdepartementet, som har vurdert søknaden frå NLH om å bli universitet. På grunnlag av NLHs faglege og vitskaplege nivå gav NOKUT ei positiv tilråding til departementet. Kriterier som NLH har oppfylt, er blant anna godkjenning av fire doktorgradsprogram der to skal vere relevante for verdiskaping i regionale verksemdar. Fagområda skal samtidig bety noko for vitskapleg utvikling nasjonalt.



Vanvittig opptur!

Det vert sagt at revyen i 2004 var den beste på tjue år. Temaet var det vellukka ytre vi alle ønskjer å vise verda. Før eller sidan slår fasaden sprekker, noko tittelen "Stilig før stormen" spelar på. Publikum let seg begeistra av dei ni skodespelarane og dansarane som hadde ei rekkje dagsaktuelle tema på plakaten. Dei harselerte med Munch-tjuveria, det tøffe ransmiljøet på Austlandet, Celina Middelfart og Kjell Magne Bondevik. Årets revy var morosam, dagsaktuell og samfunnskritisk med ei rekkje sterke skodespelarprestasjonar.

Trøkk frå scenen

Spelelista var imponerande med noko for einkvar smak. Artistane gav uttrykk for at den spesielt god stemninga på Ås gjorde det ekstra spanande å spele. Return slo til med gamle slagarar. Duplex-festivalen stilte mannsterkt opp med 14 band, med blant anna Gartnerlosjen, Cumshots og Black Debba som dei mest kjende. Ephemera spelte ein stemningsfull intimkonsert. Silver leverte ein av UKAs store konsertopplevingar med eit eksplosivt sceneshow. Sidebrok rocka opp elleville studentar, og

Vestlandsfanden var ein hit blant tidlegare kandidatar. Minor Majority var i storform, og leverte ei stor musikkoppleving til publikum. Cato Salsa Experience og Amulet fekk æra av å avslutte UKA. Og etter kvar konsert festa sjølvsagt studentar og besøkjande til langt ut i dei små timar.

Studentmangfaldet

Over tjue barar sto klare for festglade studentar og gjester. Som vanleg spegla barutvalet mangfaldet av studentorganisasjonar ved UMB. I Tropisk kunne du nyte iskrem, på Trønderbaren slo dei hælane i taket, eller kva med leskande drikke servert frå ein mjølkestall, for å nemne noko. Mange likte seg på den intime baren til foreininga Dale-Gudbrand, med peiskos og Guinness som sentrale element. Endå fleire slo seg lause på dansegolvet i baren ved sida av.

Vi takkar alle studenteldsjeler for ei super UKE. Det er det enorme studentengasjementet på UMB som gjer eit slikt arrangement mogleg. Studentane har all grunn til å vere stolte.

StudentUKA på UMB er ei oppleving av dei sjeldne. Kvar elles finn du mangfaldet og engasjementet som studentane oppviser her? Vi har fått med oss ein heil månad full av revy, konsertar og andre arrangement. Vi gler oss allereie til neste gong.

Lys forbettrar utemiljøet

Europas eldste landskapsarkitektutdanning er ein vital 85-åring. Institutt for landskapsplanlegging (ILP) har gitt potensielle lysdesignarar ein unik sjanse til å kombinere teori og praksis. Kurset "Lyssetjing av utemiljø" kulminerte med at vi fekk sjå universitetsparken i eit heilt nytt lys.



Lyskulptur med Urbygninga i bakgrunnen.

Eit seminar om anvendt lyssetjing er noko heilt nytt her til lands. Arbeidet gav meirsmak for arrangørane UMB og organisasjonen Lyskultur. Med kapasiteten Erik Selmer på laget fekk dei svært gode evalueringar frå deltakarane, etter intense kursdagar 6.–8. september.

- Landskapsarkitektar må lære om lys. Seminaret er ledd i ei satsing på å bygge opp kompetanse innanfor lyskultur og lyssetjing. Eg reknar med at dette etterutdanningskurset vil bli teke opp att

kvart år framover, men det skal også komme kurs retta mot studentar, opplyser professor Ole Rømer Sandberg. Han var fagansvarleg for kurset. Kurset inngår i utdanninga for belyningsplanleggjarar og lysrådgjevarar. Den førstnemnde graden er meir avansert enn den sistnemnde, og er eit samarbeid mellom UMB, NTNU og Høgskolen i Buskerud.

Sola er marknadsleiande

Ole Rømer Sandberg understreka at den praktiske delen av kurset vart gjort mogleg gjennom utlån og donasjon av dyrt utstyr frå lysleverandørane Phillips, Luminator og iGuzzini. Noko av dette blei også teke i bruk under konferansen som Organisasjonen for europeiske landskapsarkitektskolar (ECLAS) skipa til ved UMB 16.–19. september. Det er likevel ikkje til å komme frå at sola framleis er marknadsleiande i lyssetjingsbransjen. Sola, omgjevnadene, sansane våre og vår eigen hjerne lurar oss stadig.

- Opplevinga av lys er svært subjektiv, og avheng av mange faktorar, blant anna alder, omgjevnader og korleis vår eigen hjerne jobbar. Det er derfor bortimot uråd å planleggje belysning som er god for alle, sa Kristian Drage frå Stokkan Lys i foredraget "Grunnleggjande lyslære".

Skal tene arkitekturen

Erik Selmer åtvarte mot å overdriva bruken av verkemiddel ved lyssetjing av fasadar.

- Lyssetjinga skal tene arkitekturen. Grunnbelysninga skal være jamn og svak.

For mykje lys blir lett anmasande, meinte han.

Dette idealet byr likevel ofte på tekniske utfordringar. Selmer peika på at det er eit stort potensial for å utvikle betre og meir hensiktsmessig utstyr. Storbyens glorete lysreklame gav han det glatte lag.

- Den øydelegg fasadane og innhaldet i bymiljøet. I Karl Johans gate prøver ein å avgrense bruken av lysreklame. Utviklinga går mot fleire restriksjonar på dette området, fortalde han.

Før Urbygningen og tilliggjande herlegdomar blei lyssette, fekk studentane høyre professor Ole Rømer Sandberg forelese om lyssetjing av historiske bygg og anlegg.

- Finn først fram til kvalitetane i anlegget, og kven det skal lyssetjast for: Pilgrimen, turisten eller den oppdagingsreisande. Etter grundig analyse og skisseutkast i dagslys kan så prøvelyssetjinga starte.

Mysterium på plenen

Tilgi at vi hoppar rett over til det ferdige "lysshowet" seint siste kurskvelden. For

eksempel til dei fire store blodbøkane som står tett inntil kvarandre, opplyste innvendig frå røter til kroner som ei lampe.

- Svært vakkert, meinte Selmer og Rømer Sandberg.

Fasadene på den mektige Urbygningen vart brukt til tre forskjellige gruppeoppgåver, og framstod slikt sett ikkje med heilstøyp belysning. Hovudplenen var til gjengjeld helstøyp mystisk. "Dei dødes tjern" var det ein som kalla den blåleg opplyste dammen, men oppstoda var rett i nærleiken i form av ein merkeleg prosesjon av levande lys.

Det blei arbeidd med fire element under seminaret: Fasade, vegetasjon, terreng og objekt. Statuen av den framstående NLH-direktøren Johan L. Hirsch fekk æra av å vere prøveobjekt. Gesten med den utstrekke handa og andletet som på same tid både er strengt og mildt, fekk nytt liv i lyset frå spotlampane. Der han stod på sokkelen sin kunne Hirsch innkassere mange nye lovord i tillegg til dei han fekk i levande live.



Professor Ole Rømer Sandberg foreleste om lyssetjing av historiske bygg og anlegg.

Musikk for Einstein

Professor Gaute Einevoll ved Institutt for matematiske realfag og teknologi (IMT) førebur Verdas fysikkår i 2005. La oss få musikk for fysikk, tenkte han. - Eg ser ein samanheng mellom $E=mc^2$ og overtonesong, seier komponist Edvin Østergaard som tok på seg oppdraget.

FN har vedteke at 100-årsjubiléet for Albert Einsteins "mirakuløse år" 1905 skal markerast som Verdas fysikkår.

Gaute Einevoll sit i komitéen for det norske fysikkåret, og koordinerer utgjevinga av ei populær-vitskapleg bok med bidrag frå 20 norske fysikarar. Professoren i teoretisk fysikk, som for eit par år sidan instruerte norske kjendisskodespelarar i å

framstille kvantefysikk frå scenen, tar no eit nytt "kvantesprang" ut i kunstverda. Han fann ein å hoppe saman med.

- Eg meiner å sjå ein samanheng mellom kjernespalting, uttrykt i $E=mc^2$, og overtonesong frå mystiske tradisjonar i Austen. I overtonesong blir "energien" i klangen sett fri gjennom ei "spalting" av grunntonen som vert songen, seier Edvin Østergaard. Han er på leiting etter eit norsk kor som beherskar teknikken.

Einstein og Schönberg

Begge jobbar ved Institutt for matematiske realfag og teknologi på UMB.



Edvin Østergaard

Førsteamanuensis Østergaard driv med lærarutdanning innanfor naturfag, men har ein jobb til: komponist. Han

vart faktisk nominert til årets Edvard-pris i sjangeren vokalmusikk med eit verk som også er oppført på Ultimafestivalen, Nordens største festival for samtidsmusikk.

Østergaard har studert biologi og hagebruk, og teke doktorgrad på menneskets omstilling til økologisk landbruk.

I sitt "andre liv" gjekk han Noregs musikkhøgskole og var lærling hjå den svenske komponisten Jan W. Morthenson i fire år.

No har han fått økonomisk støtte frå Norsk kulturråd og Komponistenes vederlagsfond til å lage eit verk som skal urframførast i Håkonshallen i Bergen 10. august i samband opninga av årsmøtet i Norsk Fysisk Selskap.

- Verket skal vere ein meditasjon over slektskapen mellom musikk og fysikk. Eg ser blant anna på forholdet mellom Arnold Schönbergs atonale musikk og Einsteins fysikk. Mens Einstein løyser opp tid og rom som absolutte størrelsar, oppløyser Schönberg det tonale sentrum i

musikken. Kvar av dei tolv tonane blir sitt eige musikalske gravitasjonspunkt, seier Østergaard.

Komponisten og naturvitaren vert ikkje berre fascinert av teoriane, men også av klangen i stemma til Einstein – i den grad at meisteren sjølv kan tenkjast å dukke opp i komposisjonen via lydband.

Kunst og vitenskap

Gaute Einevolls næraste referanse til «pling-plong-musikk» er Frank Zappa, som beundra Schönberg og braut mange grenser innanfor rockemusikken. Når det gjeld forholdet mellom kunst og vitenskap, finn dei to sjangerkryssarane frå UMB mykje interessant hjå kanskje det største ikonet innanfor vitenskapen.

- Det er fellestrekk mellom vitenskap og kunst når det gjeld arbeid med idéar og intuitive kreative prosessar. Det tok for eksempel Einstein nesten ti år å finne fram til, og matematisk formulere den generelle relativitetsteorien. Den stod ferdig i 1915.

- Kjensla av at han var på sporet av ei stor og djup sanning var nok avgjerande for at han ikkje mista motet undervegs. Ofte er det følelsen av det vakre i ein idé som får forskaren til å gå gjennom eld og vatn for å teste den ut, seier Einevoll.

- Eg meiner det er eit gjensidig utviklande forhold mellom kunst og vitenskap. Det som Einstein utvikla, og det som Picasso og andre arbeidde med i kubismen (kunstretning oppstått rundt 1907), har same kjelde, men totalt ulike uttrykksformer, seier Østergaard, og peikar på at kunst og vitenskap i tidlegare tider blei rekna for å høyre saman.

- No meiner eg å sjå at studentane reagerer på at verda vert framstilt som spalta og full av motsetnader. Dei er interesserte i å sjå korleis ting heng saman, held han fram.

Fysikkåret

Så musikk blir eit av verkemidla for at fysikkfaget skal høyrast, sjåast og engasjere i 2005, slik at fysikk og realfag får ein sterkare posisjon her i landet. Det er også

planlagt mange andre tiltak.

- Den populærvitenskaplege fysikkboka er retta mot interesserte amatørar, og fyller såleis eit tomrom i Noreg. Etter planen kjem den på Gyldendal no i vår.

Eit anna markeringstiltak er at Dagbladet har ei fysikknett på sistesida gjennom heile fysikkåret, avsluttar Einevoll – svært nøgd både med dette, og med starten på musikkprosjektet.

Men kva trur du hovudpersonen ville sagt om det som arbeidet hans no skal utsetjast for? Kanskje dette:

”Der hvor verden opphører å være skueplass for personlig håp, ønsker og vilje, hvor vi beundrende, spørrende og skuende trer overfor verden, der stiger vi inn i kunstens og vitenskapens rike. Dersom det vi ser og opplever blir formulert i logikkens språk, så driver vi med vitenskap. Dersom dette blir formidlet i former, hvis sammenhenger ikke er tilgjengelig for den bevisste tenkningen, men som dog kan gjenkjennes intuitivt, så bedriver vi kunst. Begge til sammen er en kjærlig hengivelse til det overpersonlige, viljesfjerne.”

Albert Einstein, fra “Das Gemeinsame am künstlerischen und wissenschaftlichen Erleben”, 1921.



Edvin Østergaard og Gaute Einevoll (t.h.) står i spissen for prosjektet musikk for fysikk.

Styringsorgan og administrasjon

Universitetsstyret



Knut Hove
Rektor



Anne Marte Tronsmo
Prorektor



Anne Katrine Geelmuyden
Professor



Birger Solberg
Professor



Idun Bratberg
Led.forskn.tekn



Anders Korvald
Student



Ruth Marie Nymark
Student



Ingvill Stenseth
Student



Anne Sæterdal
Seniorrådgiver NINA/NIKU




Sigvart Hovland
Regionalbanksjef Nordea



Terje Johansen
Rådgiver



Kristina Landsverk
Direktør Mattilsynet





Årsmelding frå styret

Undervisning

UMB utdannar kandidatar som skal tilføre samfunnet nye kunnskapar på universitetets fagområde, og dekkje behov for kompetanse om berekraftig utvikling i samfunnet. Utdanninga har eit tydeleg internasjonalt perspektiv. UMB er engasjert i livslang læring, og medverkar til kompetanseheving i nærings- og samfunnsliv.

Implementering av studiedelen i Kvalitetsreforma er ført vidare i 2004, med fokus på fleksible undervisningstilbod som er effektivt organiserte, og tilpassa behov i samfunnet og hjå studentane. Institutt, tilsette og studentar samarbeider tettare om utvikling av undervisninga. Det er lagt større vekt på det fysiske læringsmiljøet.

I 2004 blei mellom anna følgjande prioriterte område følgde opp:

- Implementeringa av Kvalitetsreforma vart ført vidare
- Studentanes informasjonstorg (SiT) og rettleiingstenesta på heile universitetet er

utvikla vidare

- Kvalitetssikringa av studietilbod og læringsmiljø er forbetra
- Etter- og vidareutdanninga er utvikla vidare i tråd med Kompetansereforma
- Det er laga kompetanseplan for vitenskapleg personale. Den vert no sett ut i livet.

Studenttal og rekruttering

I 2004 var det totale studenttalet 2635. Dette er ein liten auke frå året før, og i tråd med UMBs mål om fleire studentar. Det blei produsert 1989 60SP einingar, som er ein auke på 85 frå 2003. Endra

inndeling av studieåret, og bortfall av emne med avslutning i sommarsemesteret, har medført ei forskyving av produksjonen frå haust til vår. Overgangen til 3+2 gjer også at produksjonen i 2004 fordeler seg med fleire studiepoeng på lågare nivå enn i 2003.

Færre søkjarar enn i 2003 var grunnlag for ei viss bekymring, men dette påverka ikkje opptaket av studentar. Det viser ein liten oppgang frå året før. Kandidattalet steig markert, noko som i hovudsak skuldast overgangen til 3+2. Det er ein markert vekst i talet på kandidatar med lågare grad. Ser vi isolert på høgare grad, får vi også der ein gledeleg vekst i talet på uteksaminerte, etter fleire år med nedgang. I 2004 gjorde 361 kandidatar seg ferdige med høgare grad, 66 fleire enn året før. Dette er det høgaste rapporterte talet på fleire år.

Hovudtal for utvikling i studenttal for UMB

Datatype	2004	Endring i høve til 2003
Studiepoeng	1.989	85
Kandidattal	639	267
Søkjartal	5.334	- 454
Opptakstal	743	37
Registrerte studentar	2.635	81

Søkinga til UMB var tilfredsstillande i 2004, men med ei noko ujamn fordeling mellom programma. Intensivert marknadsføring av studietilbodet, retta både mot den vidaregåande skolen og mot andre universitet og høgskolar, gav utteljing.



- UMB har delteke på 8 yrkes- og utdanningsmesser over heile landet. "Studieguide 2004", ein populær omtale av studietilbod og jobbmoglegheiter etter avslutta utdanning, er sendt til alle skolar i heile Noreg.
- UMB har annonsert på buss/t-bane, og i ulike tidsskrift, aviser og fagblad.
- All informasjon om UMB og studietilbodet er tilgjengeleg på internett. Ein person er tilsett for å vedlikehalde og vidareutvikle studietilbodssidene.
- Skoletenesta er oppretta for å auke kjennskapen til UMB som studiestad blant studiesøkjande ungdom. Det har arrangert fagdagar for 10 skoleklassar, og halde studieorientering på 7 skolar hausten 2004.

- Dei engelskspråklege mastergradene er i hovudsak marknadsførde av dei enkelte fagmiljøa. Blant utvekslingsstudentane er det sett i verk ei studieundersøking.
- Det er oppretta ein Alumni-database for tidligare studentar, og to nummer av bladet "Alumni" er produsert og sendt ut til 1640 medlemmer.

Studiekvalitet

UMB har følgd opp måla i Kvalitetsreforma når det gjeld lærings- og evalueringsmåtar, nye grader og karaktersystem, utdanningsplanar, auka studieintensitet og betre gjennomføring.

Både gradsstrukturen og karaktersystemet har sidan hausten 2003 vore i tråd med føringane i Kvalitetsreforma. Alle emne og studieprogram blei gått gjennom og godkjende på nytt i 2004.

Ei undersøking blant lærarar ved fire institutt sommaren 2004 dokumenterer at det har skjedd utbreidde endringar i lærings- og evalueringsmetodane. Endringane er beskrivne nærare i Årsrapport om studiekvalitet 2003-2004. Studentane les no jamnare gjennom semesteret, samarbeider meir med andre studentar, og førebur seg meir til undervisninga enn før Kvalitetsreforma. Slike endringar vil truleg gje eit positivt utslag både på læring og studiegjennomføring.

Studierettleiinga er forsterka ved at institutta fekk tilført øyremerkte midlar for å betre rettleiinga av studentar i samband med innføring av utdanningsplanar. Rettleiarane har fått auka kompetanse innanfor rettleiingspedagogikk. Studentanes informasjonstorg blei vidareutvikla, med positive tilbakemeldingar frå brukarane. Det er etablert eit karrieresenter, og gjennomført pilottiltak.

NOKUT godkjende i mars 2004 UMBs system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda, inkludert vedtekne mål for kvalitetsarbeidet ved universitetet, og standardar for kvaliteten studentane skal møte i studia og i læringsmiljøet. Systemet er under kontinuerleg utvikling og forbetring, spesielt med omsyn til NOKUTs merknader under godkjeningsprosessen.



Kvalitetssikringa har allereie ført til konkrete forbetringar i studiekvaliteten. Den er innarbeidd som tema i årsrapportar og årsplanar for budsjetteiningane, og vert drøfta under styringsdialogane. Årsrapport om studiekvalitet 2003-2004 inngår i styringssløyfa, og er vidareutvikla sidan 2002-2003.

Mange delar av systemet er sette i verk, men det er framleis behov for fokus på vidareutvikling og tilrettelegging for å oppnå full implementering. Det er utvikla eit sett med indikatorar for å vurdere sterke og svake sider ved dei 14 områda i kvalitetssystemet. Når forbetningsbehov vert påviste, blir dei følgde aktivt opp i planar, strategiar, kompetansebygging og andre tiltak.

Internasjonalisering

I tråd med Kvalitetsreforma held UMB fram internasjonaliseringa, spesielt når det gjeld studentmobilitet, internasjonalt campus og undervisning på engelsk. For 2004 kan universitetet rapportere om større mobilitet, både for innreisande og utreisande studantar. I tillegg er ein større del av mobiliteten knytt til institusjonssamarbeid. UMB har nådd langt med utvikling av ein internasjonal campus gjennom eit aktivt samarbeid med Samskipnaden på Ås og studentdemokratiet. Ved starten av 2004 kunne UMB tilby undervisning på engelsk innanfor 180 emne. Ved utgangen av 2004 har tilbudet vakse til 220 emne.

Ved revisjon av studieplanar har det i alle studieprogramma vorte lagt vekt på å leggje til rette for utvekslingsopphald ved ein partnerinstitusjon. Ikkje alle programma har nådd dette målet, men arbeidet vert ført vidare i 2005.

UMB vil auke andelen av informasjonsmaterieill på engelsk. Krava til informasjon som ein del av søknaden om ECTS-label er oppfylt og organisert etter ECTS-prinsippet.

Etter- og vidareutdanning

UMB har organisert etter- og vidareutdanninga gjennom Senter for etter- og vidareutdanning (SEVU). Institutta står fagleg ansvarlege for tilboda. Verksemda

omfattar både opne kurs, og skreddarsydd oppdragsbaserte kurs. Ein stor del av tilboda er vidareutdanning som gir studiepoeng. Dei er i hovudsak retta mot definerte behov og problemstillingar i arbeidslivet, og skil seg klart frå kandidatstudia. Aktiviteten er eksternt finansiert gjennom kursavgifter eller betalte oppdrag. UMB samarbeider med offentlege etatar og bedrifter om skreddarsydd etter- og vidareutdanning. Fleire av prosjekta har fått støtte frå nasjonale programsatsingar. Offentleg forvaltning innanfor areal, miljø og landbruk er ei viktig målgruppe. Gjennom samarbeidet med MATFORSK i Matalliansen har næringsmiddelindustrien blitt ei anna viktig målgruppe. Omsetninga av etter- og vidareutdanning har vakse med 70 prosent



dei siste 5 åra, og var i 2004 på heile 12 mill. kroner.

Strategisk plan for universitetet har som mål å tilby etter- og vidareutdanning innanfor alle kjerneområda, og å utvikle tilboda i takt med behov og etterspørsel. Knapphet på personell og manglande incentiv for etter- og vidareutdanning ved institutta er identifiserte som dei viktigaste interne flaskehalsene for denne strategien. Universitetet vurderer tiltak for nå målet om eit breiare tilbod.

Fjernundervisning og e-læring

UMB brukar informasjonsteknologi både i undervisning av studentar på campus, i samband med fleksibelt tilrettelagd

praktisk pedagogisk utdanning, og som fjernundervisning for deltakarar på etter- og vidareutdanningskurs, då oftast kombinert med samlingar. IKT vert både brukt til kommunikasjon i dei enkelte emna, og som pedagogisk verktøy for diskusjon, oppgåveløysing, evaluering og rettleiing. På denne måten inngår satsinga på digital kompetanse som ein del av kvalitetsreformarbeidet ved UMB. Universitetsstyret har vedteke at Classfronter skal vere standard læringsplattform. Noregsuniversitetet støttar utviklingsprosjekt ved UMB innanfor fagområda hydrogeologi, landskapsplanter (ordinære studiar) og vassdrags- og kystsoneplanlegging (vidareutdanning).



Førstamanuensis Arne Grimenes arbeider mellom anna med klimaforsking.

Forskning

UMB arbeider medvite med å utvikle sin eigenart. Namnet som vart valt i samband med endringa av status frå vitenskapleg høgskole til universitet viser godt den faglege profilen: Universitetet for miljø- og biovitenskap, mat - natur - helse. Forskinga ved UMB skal identifisera og foredra naturgjevne konkurransefordelar i norsk bioproduksjon.

Den største endringa i UMBs prioriteringar er ei tydelegare vektlegging av helse. Samanhengar mellom mat og helse, miljø og helse og natur og helse har lenge vore integrert i forskning og utvikling i Ås-miljøet, men no vert desse aspekta forsterka. UMB har sett av 3,5 mill. kroner til strategisk satsing på desse områda i 2005.

Alle institutta har laga eigne delstrategiar. Satsinga skal konsentrerast om nokre få forskargrupper. Fire av desse har planar om å søkje status som Senter for framifrå forskning når ny runde vert lyst ut i 2005.

Forskningsrådet gjennomførte i 2004 ei evaluering av ingeniørvitenskaplege fag ved norske høgskolar og universitet. Eit av institutta våre blei også evaluert. Tiltrådingane er tekne til følgje, og instituttet har gjort dei strategiske og praktiske grepa som var nødvendige.

UMB er vertskap for SFF - Aquaculture Protein Centre og FUGE-senteret Centre for integrative genetics. Sentera er i rute og produserer godt. Dei har knytt til seg interessantar frå næringslivet.

Det er høgt aktivitetsnivå innanfor næringsutvikling. UMB legg vekt på intellektuelle rettar i samband med oppdrag for næringslivet. Når det gjeld kommersialisering av oppfinningar og forskingsresultat fungerer førstelinetenesta for forskarane godt. Ved utgangen av 2004 låg det 12 prosjekt med kommersielle potensial i porteføljen. I tillegg vert det arbeidd med ei handfull andre idéar.

Forskningsproduksjon

Forskningsproduksjonen målt i tal vitenskaplege artiklar har vakse med 12 prosent i høve til i fjor. Dei fleste institutta

Vitenskaplege publikasjonar: Rapport 2004.

Vitenskaplege publikasjonar	2002	2003	2004
Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift	294	340	379
Artiklar i nasjonale vitenskaplege tidsskrift	7	12	4
Faglege bøker/lærebøker	32	32	7
Kapittel i faglege bøker/lærebøker	77	51	45
Vitenskaplege rapportar	172	193	196
Foredrag ved vitenskaplege konferansar	546	519	601

Kjelde: ForskDok

har ein produksjon som ligg høgare enn i 2003. Kategorien ” Foredrag ved vitskaplege konferansar” har vakse med 16 prosent i 2004, noko som tyder på god deltaking på nasjonale og internasjonale arenaer.

Forskarutdanning

Doktorgradsutdanninga står sentralt i forskinga ved UMB. Universitetet samarbeider nært med næringer som treng forskarkompetanse. Samarbeid med nettverket av institutt i Noreg og i Ås står sentralt i forskarutdanninga. Ei rekkje stipendiatar gjennomfører forskinga si ved institutt som Matforsk, Akvaforsk, Planteforsk, Skogforsk og Jordforsk.

Talet på gjennomførte doktorgrader ved universitetet er framleis høgt, men noko lågare enn i toppåret 2002. I løpet av dei siste 21 åra har UMB tildelt 595 doktorgrader. I 2004 disputerte 40 kandidatar. Styret har tildelt 38 doktorgrader.

Doktorgrader ved UMB

	2000	2001	2002	2003	2004
Doktorgrader	32	37	55	44	40
Av dette Dr. agric	4	3	3	2	0
Totalt	32	35	55	44	40

Eksternt finansiert verksemd

Den eksternt finansierte omsetninga ved universitetet (inkl. midlar frå Noregs forskingsråd) vaks med 14,5 prosent frå 2003 til 2004. Dette er bra, spesielt sett i høve til den store veksten på 18 prosent året før. Omsetninga har dei siste fem åra auka med 75 prosent. Midlar frå Noregs forskingsråd utgjer den største delen. Midlar frå private føretak ligg stabilt på rundt 35 mill. kroner.

Forretningsidéar

Næringslivskontoret har teke mot 24 oppfinningar til vurdering i 2004. Tolv av desse har vorte handsama i Kommersialiseringsutvalet. UMB har valt å overta eigedomsretten til 7 av desse. Tre oppfinningar er kommersialiserte i form av lisensavtalar med bedrifter.

Dei tre kommersialiseringane omfattar oppfinningar som UMB har verna gjennom patentsøknadar. Institutt for matematiske realfag og teknologi har utvikla ein mobil og letthandterleg røyrcuttar for store plastrøyr som vert brukte ved transport av vatn, avlaup og gass. Eit selskap som framstiller aluminiumsvarer ønskjer å produsere røyrcuttaren. Geomatikarane ved det same instituttet har utvikla programvare som gjer det mogleg å berekne posisjonar med ein nøyaktighet på

Rekneskapsført omsetning frå eksternt finansiert verksemd fordelt på finansieringskjelder. 1000 kr.

Kjelde / År	2000	2001	2002	2003	2004
Noregs forskingsråd	46.420	54.582	69.558	110.579	139.602
Statlege føretak	49.095	46.872	53.382	48.700	53.118
Kommunar og fylke	1.336	778	6.449	6.713	2.720
Nordiske kjelder og stiftingar	5.796	4.463	7.774	8.200	6.473
Utanlandske kjelder	12.909	10.656	13.854	14.513	16.522
Private føretak	30.095	34.137	37.945	34.224	36.879
Sum	145.651	151.498	188.962	222.929	255.314

Kjelde: Agresso UMB

desimeternivå, utan bruk av bakkestrasjonar eller annan infrastruktur. Oppfinninga er interessant og nyttig for firma som driv med kartproduksjon. Skogfagmiljøet ved Institutt for naturforvaltning har over lengre tid arbeidd med utvikling av ei programvare for skogbruksplanlegging. Dette verktøyet bereknar utviklinga i eit skogbestand, noko som har vist seg svært nyttig for firma som tilbyr planleggingstenester for skogeigarar.

Forretningsidéar framkomne i 2004.

	Mål	Oppnådd
Forretningsidéar som er vurdert som interessante	30	24
Forretningsidéar til UMBs kommersialiseringsutval	15	12
Forretningsidéar der UMB har overteke eigedomsretten	10	7
Kommersialiseringar	5	3
Utanlandske kjelder	12.909	10.656
Private føretak	30.095	34.137
Sum	145.651	151.498

Alliansearbeid

Aktivitetar knytte til randsoneverksemda på Campus Ås har stått i fokus i 2004, både i høve til alliansepartnerane våre Akvaforsk AS og Matforsk AS, og når det gjeld det nye Bioforsk AS. I prosjektporteføljen inngår viktig strategisk forskning i skjeringsflatene mellom akvakultur og matforedling, og mellom mat og helse. Prosessane knytte til den nye Forskingsmeldinga og til Den blå-grønne matalliansen har gitt ytterlegare fokus på randsoneverksemda.

Akvaforsk- og Matalliansen er eit FoU-samarbeid mellom forskingsinstitutta Akvaforsk AS, Matforsk AS og Universitetet for miljø- og biovitenskap. Alliansen har definert følgjande faglege satsingar:

- Avl og genetik (innanfor akvakultur)

- Ernæring og forutvikling (innanfor akvakultur)
- Miljø og produksjonsteknikk (innanfor akvakultur)
- Matforedling
- Mat for betre helse
- Genteknologi og mikrobiell bioteknologi
- Måleteknikk, biostatistikk og bioinformatikk (generelle verktøy)

Aktiviteten i 2004 var ein del prega av leiarskiftet ved Matforsk, og av endra rammevilkåra for forskingsinstitutta (prosessane rundt Den blå-grønne matalliansen og den nye Forskingsmeldinga). Dette tok noko av oppmerksomheten bort frå kjerneverksemda. Likevel var omsetninga over 20 mill. kroner, som vist i følgjande tabell. Dette er rekneskapsført omsetning frå prosjekt der minst to av alliansepartnerane deltok.

Vitskapleg utstyr

UMB fekk også i 2004 midlar til vitskapleg utstyr over Statsbudsjettet. UFD løyvde 16,2 mill. kroner som blei fordelte til lettare utstyr (5,5 mill. kroner) og tyngre utstyr (10,7 mill. kroner). Kategorien lettare utstyr (verdi under 750.000 kroner) var i hovudsak utstyr til bruk i undervisninga. I tillegg fekk UMB ca. 3,2 mill. kroner til avansert vitskapleg utstyr gjennom Forskingsrådet, etter at det blei gitt ei tilleggsfinansiering ved årsskiftet 2004/2005. Mesteparten av denne løyvinga (2,5 mill. kroner) skal gå til samfinansiering av eit NMR-apparat i lag med Universitetet i Oslo og Noregs veterinærhøgskole.

Forskingsrådet undersøkte våren 2004 behovet for vitskapleg utstyr ved FoU-institusjonane. UMB rapporterte om eit behov for tungt vitskapleg utstyr på ca. 115 mill. kroner dei neste 6 åra. Nyare tal tyder på at dette er ei underrapportering i høve til det reelle behovet for fornying av utstyrsparken.

EU-prosjekt

Samla UMB-deltaking i EUs 5. rammeprogram i femårsperioden 1999-2002 utgjorde 22 prosjekt og nettverk, med koordinatorrolle i eitt prosjekt retta mot utviklingsland (INCO-prosjekt). Samla omsetning ved UMB var i perioden 25 mill. kroner.

I 6. rammeprogram deltek UMB i ni prosjekt etter at søknadshandsaminga i dei to første utlysningane er avslutta (stipend og cost-prosjekt ikkje medrekna). Totalt har 27 søknader hatt deltakarar frå UMB. Det gir eit tilslag på 21 prosent. UMB er ikkje koordinator i nokon av desse. Samla bidrag til UMB er på 12 mill. kroner. Prosjekta fordeler seg med to innanfor programmet "Global change", to innanfor "Food quality

and safety", eitt retta mot utviklingsland (INCO) og eitt innanfor programmet "Science and society".

Forskarutveksling

Tabellen viser kor mange gjesteforskarar, gjestelærarar og tilreisande stipendiatar som har opphalde seg ved UMB i løpet av 2004 (Innreisande), samt UMBs egne forskarar, lærarar og stipendiatar som har hatt faglege utanlandsopphald (Utreisande). Opphalda har vart i minst ei veke.

Forskingsrapport 2004

Det er utarbeidd ein eigen rapport om forskinga ved UMB i 2004. Kapittel 5.2. er eit utdrag av denne.

Utveksling av vitskaplege tilsette i 2004.

Institusjonsorganiserte program	Tal totalt		Tal kvinner	
	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande
Leonardo da Vinci				
Sokrates/ERASMUS	3	2	1	1
Aust-Europa-programma	6	4	2	
NUFU	12	10	5	2
NORFA	7	3	1	3
NORAD	7	44	1	8
Kulturavtaleprogram	3		1	
NOVA		3		3
EUs 5. rammeprogram	3	5	1	3
EUs 6. rammeprogram		6		3
Marie Curie-sentre [Er dette rett?]		1		
Kvoteprogram	23	4	8	
Andre program	4	15	9	3
Individbaserte avtalar:	23	51	8	19
Totalt	91	148	37	45

Kjelde: UMB-institutta


Formidling

Dei elektroniske kanalane står sentralt i arbeidet med å presentere UMB som eit leiande internasjonalt utdannings- og forskingsmiljø der det vert lagt vekt på samverknad mellom naturvitskap, teknologi og samfunnsfag.

Nettsidene til UMB fekk i 2004 toppkarakter i kvalitetsvurderinga som Norge.no årleg gjer av offentlege nettstader. UMB fekk fem av seks stjerner. Blant dei undersøkte universiteta og høgskolane var det berre Høgskolen i Bergen (seks stjerner) og Universitetet i Bergen (fem stjerner) som var på same nivå.

informasjon retta mot studentane. Statistikken viser tydeleg at denne tenesta er etterspurt og blir brukt. Dei fleste studentgrupper får også støtte frå UMB til tilrettelegging av egen informasjon overfor studentane. På nettsidene dekkjer UMB ulike studieaktivitetar gjennom 29 artiklar. Fleire av desse er også publisert i andre medium.

Nettbesøk på www.umb.no



Kurva som viser kor mange som har besøkt nettstaden www.umb.no peikar oppover. I 2004 var det om lag 35 % fleire treff samanlikna med 2003. Dei første tala for 2005 vitnar om ein markert vekst i nettbesøket.

Forskningsformidling

Utvikling av forskingssider på nettet, og populærvitskapleg forskningsformidling er berande element i informasjonsstrategien. I året som har gått har det kome til nye forskingssider, og andre er omarbeidde. UMB er ein sentral leverandør av artiklar og oppslag på nettstaden www.forskning.no. Desse vert også lagde ut på www.umb.no, og nytta i brosjyremateriell. I 2004 har UMB dekt aktiviteten ved institutt og senter gjennom 66 artiklar.

I tillegg til studie- og forskingsinformasjon er det også utarbeidd ei rekkje publikasjonar med generell informasjon om UMB. I 2004 har det særleg vore arbeidd med å få fram informasjon om UMBs arbeid for å bli universitet.

Studieinformasjon

Betring av informasjonstilbodet for studentar og utdanningsøkjande har vore viktig i 2004. Det er utvikla nye informasjonstenester, og informasjonen er lagt betre til rette for målgruppene. I 2004 blei det oppretta ein ny studentportal (athene.umb.no) som omfattar all

Forskningsformidling


Forskningsformidling	2002	2003	2004
Populærvitskaplege artiklar	171	185	174
Populærvitskaplege foredrag	440	488	538
Oppslag i dagspresse, tv og radio	224	305	281

Kjelde:ForskDok



Forskningsformidling er ein viktig del av UMB sitt informasjonsarbeid. Her er det Newton sin programleiar Unni Eikeseth som intervjuar professor Rolf Arnt Olsen. UMB er og ein sentral leverandør av artiklar og oppslag på nettstaden www.forskning.no. Ei rekke av desse artiklane finn vegen til andre mediekkanalar.

UMBs styrings- og ledelsesmodell - prinsippsskisse



Styringa av institusjonen

Styringsmodell

Gjennom 2004 har UMB fulgt opp ei rekkje forhold knytte til den nye styringsmodellen. Tilsetjingsfullmakta er delegert og nytt personalreglement forhandla fram. Arbeidet med retningslinjer for sentra, arbeidsmiljø- og læringsmiljøutval har starta i 2004, og skal etter planen fullførast i løpet av 2005. Innføring av det nye styringssystemet skal følgjast opp med gjennomgang og

revurdering av oppgåvefordelinga mellom sentraladministrasjonen og instituttadministrasjonane.

På oppdrag frå Undervisnings- og forskningsdepartementet har UMB arbeidd med spenningsfeltet mellom akademisk fridom og fagleg leiing. Det har kome fram kor viktig forståinga av universitetets eigenart som kunnskapsbedrift og arena for akademisk verksemd er for val av

styringssystem, leiingstenking, organisering og utvikling organisasjonskultur. Dette arbeidet vert ført vidare i 2005.

UMB arbeider heile tida med å utvikle eit godt samarbeid mellom universitetsleiinga og tenestemannsorganisasjonane, helst gjennom det ordinære medbestemmingsapparatet, og ved at representantar frå organisasjonane deltek i arbeids- og referansegrupper i viktige saker. UMB ser det som viktig å utvikle denne delen av bedriftsdemokratiet, samtidig som gode sider ved det tradisjonelle kollegiale systemet vert tekne vare på

Hovudelement i UMBs styringsmodell

Universitetsstyret er øvste vedtaksføre styringsorgan ved universitetet. Det har og

strategiske oppgåver med Studienemnda og Forskingsnemnda som permanente fagleg-strategiske utval. Styret har oppnemnt Klagenemnd, Arbeidsmiljøutval og Læringsmiljøutval. Rektor leiar universitetsstyret, og er den øvste leiaren for universitetet. Administrerande direktør er leiar for sentraladministrasjonen, som fungerer som stab for rektor.

Institutta er basiseiningane ved universitetet, med ansvar for kunnskapsproduksjon og undervisning. Dei har vide administrative fullmakter. Universitetsstyret tilset instituttleiarane på åremål for fire år om gongen, og oppnemner på fritt grunnlag instituttstyra etter forslag frå institutta. Instituttleiaren er sjef for instituttstyret.

Einingar ved universitetet

- Institutt for husdyr- og akvakulturvitskap, IHA
- Institutt for internasjonale miljø- og utviklingsstudiar, Noragric
- Institutt for kjemi, bioteknologi og matvitskap, IKBM
- Institutt for landskapsplanlegging, ILP
- Institutt for matematiske realfag og teknologi, IMT
- Institutt for naturforvaltning, INA
- Institutt for plante- og miljøvitskap, IPM
- Institutt for økonomi og ressursforvaltning, IØR
- Senter for husdyrforsøk, SHF
- Senter for klimaregulert planteforskning, SKP
- Senter for etter og vidareutdanning, SEVU
- Aquaculture Protein Centre, APC
- Centre for Integrative Genetics, Cigene
- Sentraladministrasjonen




Personalsituasjonen

Styret vedtok i 2000 ein omstillingsplan for perioden fram til 2005. Over heile omstillingsperioden legg planen til grunn ein årleg reduksjon i talet på årsverk finansiert over statstilskotet. Tala for 2004 viser små endringar i høve til året før. Talet på tilsette på eksternt finansierte prosjekt har lege stabilt i perioden.

Dei siste fem åra har UMB gjennomført omfattande arbeid med Kvalitetsreforma

og hatt ein betydeleg vekst i studenttalet. Høgskolen er godkjent som universitet, organisasjonsstrukturen er endra, og vi har fått tildelt eit senter for framifrå forskning og eit senter i den nasjonale FUGE-satsinga. Den eksterntfinansierte verksemda har som nemnt i kap. 5.2 vakse med 75 prosent. Dette er resultat av ein imponerende innsats frå dei tilsette ved universitetet.

Tilsette ved UMB



Stillingar ved UMB

Tal årsverk per institutt / avdeling / senter	Vitskapleg tilsette	Stipendiatar	Adm. tilsette	Tekn. tilsette	Sum
Institutt for landskapsplanlegging	22	4	6	7	39
Institutt for naturforvaltning	42	20	9	21	92
Institutt for husdyr og akvakulturvitskap, inkl. CIGENE og APC	52	29	19	22	122
Institutt for kjemi, bioteknologi og matvitskap	51	23	11	39	124
Institutt for plante- og miljøvitskap	64	22	16	18	120
Institutt for matematiske realfag og teknologi	51	7	10		68
Institutt for økonomi og ressursforvaltning	28	4	6		38
Noragric	17	1	16		34
SEVU (Senter for etter- og vidareutdanning)			9		9
Senter for husdyrforsk			4	28	32
Senter for klimaregulert planteforskning			2	9	11
Sentraladministrasjonen			53		53
Informasjonsavdelinga			48		48
Drifts- og serviceavdelinga			9	67	76
Totalt	327	110	218	211	866

Likestilling i vitenskaplege stillingar

Likestillingsarbeidet ved UMB har hatt 33 prosent kvinner i faste vitenskaplege stillingar innan 2005 som hovudmål. I 2004 var kvinneandelen i desse stillingane 24 prosent. Kortare oppteningstid til forskingstermin for kvinnelege førsteamanuensar er eit viktig verkemiddel for å få fleire kvinner inn i toppstillingar. Ved fordeling av incentivmidlar i 2004 har det vore ei sentral føring at delar av midlane skal brukast til å støtte kvinners kvalifiseringsarbeid.

Den totale kvinneandelen i undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar er 33 prosent. I 2004 var det tilsett kvinner i 59 prosent av rekrutteringsstillingane.

UMB skal utarbeide ein ny handlingsplan for likestilling. Ei av hovudoppgåvene vert å avdekkje tilhøve av organisatorisk eller annan art som motverkar likestillinga. Handlingsplanen må også innehalde tiltak for å nå måla på relevante satsingsområde, slik at UMB vert oppfatta som ein attraktiv arbeidsplass for både kvinner og menn.



Fredsprisvinnar Wangari Maathai fekk utmerkinga i 2004, men vitja UMB i 2005. Ho blei æresdoktor ved universitetet allereie i 1997.

Lønnsnivået i ein del stillingar ved UMB.

Tabellen nedanfor gir ein oversikt over talet på tilsette i ein del utvalde stillingsgrupper, den prosentvise fordelinga mellom kjønna, og gjennomsnittleg lønnsnivå totalt og fordelt på kvinner og menn. Med unntak av professor II-stillingane, omfattar tabellen berre tilsette i minst 50 prosent stilling.

Så langt har vi ikkje avdekt lønsskilnader som er knytte spesifikt til kjønn. I dei lokale lønsoppgjera har UMB følgd dei sentrale føringane om fordeling av potten. I arbeidet med ny handlingsplan for likestilling vil vi likevel setje søkjelys på skilnader i løn innafor og mellom stillingsgrupper det er naturleg å samanlikne.

Lønnsnivå ved UMB

Stillingsnivå	Tal			Prosent av total		Lønnsnivå (lønstrinn) - gj. snitt		
	Total	kvinner	menn	kvinner	menn	total	kvinner	menn
Vitskapelege stillingar								
Rektor/prorektor	2	1	1	50,00	50,00			
Instituttleiarar	7	2	5	28,60	71,40	78,6	81	77,6
Professor	112	16	96	14,29	85,71	69,1	68,3	69,2
Professor II	27	5	22	18,52	81,48	65,6	68,8	65
Førsteamanuensis	118	22	96	18,64	81,36	57,7	57,1	57,9
Forskarar/postdok. 1)	63	25	38	40,63	59,38	55	54,4	55,4
Stipendiat	113	70	43	61,95	38,05	41,3	41,5	41
Administrative stillingar								
Administrerende direktør	1		1		100,00			
Avdelingsdirektør	10	5	5	50,00	50,00	71	72,2	69,8
Førstekonsulentar	68	44	24	64,71	35,29	43,2	43,1	43,3
Rådgjevarar	38	19	19	50,00	50,00	50,7	50,5	50,9
Seniorrådgjevarar	10	4	6	40,00	60,00	59,5	57,8	60,7
Tekniske stillingar								
Forskingsteknikarar 2)	32	18	14	56,25	43,75	29,7	29,7	29,8
Seniorforskingsteknikarar	29	8	21	27,59	72,41	31,8	32,2	31,6
Overingeniørar/arkitektar	18	5	13	27,78	72,22	50,5	48,2	51,4
Avdelingsingeniørar 3)	60	31	29	51,67	48,33	40,7	40,3	41,1

1) Gjeld stillingskodane 1109, 1110 og 1352

2) Gjeld stillingskodane 1026 og 1027

3) Gjeld stillingskodane 1084, 1085 og 1411

Helse, miljø og sikkerhet

I følgje Strategiske plan skal UMB ha eit aktivt arbeid innanfor helse, miljø og sikkerhet. Det er innarbeidd rutinar for dette i samsvar med gjeldande reglar. Alle institutt og einingar gjennomførte HMS-internkontrollar i 2004. Det er utarbeidd ein handlingsplan mot seksuell trakassering. Plagsam/truande seksuell åtferd skal etter planen vera eit eige sjekkpunkt i internkontroll- og kvalitetssikringssystema ved UMB

Bedriftshelsetenesta

UMB kjøper bedriftshelsetenester og arbeidsmedisinsk service frå same leverandør som tidlegare, men firmaet har endra namn til Hjelp 24. Arbeidshelseundersøkingane utgjer hovudtyngda av arbeidet til bedriftslegen. I tillegg er det gjort støy- og luftmålingar, gjennomført risikoanalysar, målretta helsekontrollar med samtalar, ergonomisk opplæring og rådgjeving, og seminar om psykososialt arbeidsmiljø. Bedriftslegen har også hatt støttesamtalar og følgt opp sjukemelde. Resultata frå helseundersøkingane vil leggje føringar for HMS-arbeidet i 2005. Bedriftshelsetenesta har hatt samtalar med leiinga ved dei enkelte einingane (HMS-dialogar) for å få fram dei viktigaste utfordringane i arbeidsmiljøet. Det er også gjennomført tiltak for å heve kompetansen i aktuelle målgrupper innanfor førstehjelp og annan obligatorisk opplæring på miljø- og sikkerhetsområdet.

Sjukefråvær

UMB har eit lågt sjukefråvær. Det meldte sjukefråværet, det vil seie eigenmeldingar og sjukemeldingar, har lege nokså stabilt dei siste åra. I 2003 var det på 3,7 prosent, og i 2004 på 4,4 prosent. Det er usikkert om auken i 2004 skuldast betre registrering som følgje nytt lønns- og personaldatasystem, eller om sjukefråvær faktisk var høgare.

Vernetenesta og Læringsmiljøutvalet

UMB har aktive Arbeidsmiljø- (AMU) og Læringsmiljøutval (LMU). LMU har ansvar for saker som vedkjem studentane ved UMB. Informasjon frå AMU og LMU er tilgjengeleg på nettet. LMU har utarbeida ei eiga handbok for medlemmene. Arbeidet med læringsmiljøet er dokumentert gjennom kvalitetssikringssystemet og årsrapporten om studiekvalitet. LMU har gitt ut ein årsrapport om sin eigen aktivitet. AMU si kontinuerlige overvaking av arbeidsmiljøet er dokumentert i eigne rapportar om helse, miljø og sikkerhet.

Arbeidet med å tilpasse den interne vernetenesta i høve til ny instituttstruktur



og nytt styringssystemet starta i 2004. Verneomboda er uroa over negative verknader som dei organisatoriske endringane har hatt for det psykososiale arbeidsmiljøet, og rapporterer om behov for

å prioritere førebyggjande arbeid. Den same meldinga har også kome frå bedriftslegen. UMB vil følgje opp dette i 2005.

Bygningar og tekniske anlegg

Bygningar og tekniske anlegg ved UMB har eit formidabelt vedlikehaldsetterslep i høve til dagens lover og forskrifter. Vi må konstatere at det er gått fem år sidan Statsbygg registrerte dei bygningsmessige utfordringane ved universitetets, utan at det har kome løyvingar til sjølv rehabiliteringa. Etterslepet er til dels akselererande, og kan

på ingen måte dekkjast innanfor UMBs ordinære budsjett. UMB ser likevel ei positiv utvikling i denne saka. UMB forventar at forprosjekta for Sørhellinga og Urbygningen vert følgde opp med prosjektløyvingar til gjennomføring av rehabilitering. Vi reknar med at universitetet kan halde fram med planlegging av nye forprosjekt.



Bygningar og tekniske anlegg ved UMB har eit formidabelt etterslep i vedlikehaldet.

Stortinget (Kyrkje-, utdannings- og forskingskomitéen) har fleire gonger understreka behovet for rehabilitering ved UMB, seinast i samband med statsbudsjettet for 2004: "Komitéen viser til behovet for rehabilitering av flere bygninger ved Norges landbrukshøgskole, og har merket seg at Statsbygg har fått i oppdrag å utarbeide kostnadsrammer for de prioriterte prosjekt. Komitéen mener det er nødvendig med strakstiltak, og ber departementet bevirke at Statsbygg iverksetter de mest nødvendige utbedringsarbeider ved omprioriteringer innenfor eget vedlikeholdsbudsjett."

UMB har starta arbeidet med tre planprosessar som førebuing til rehabiliteringsprosjekta: Landskapsplan, Verneplan og Generalplan for rehabilitering. Arbeidet med ein overordna verneplan måtte utsetjast i påvente av finansiering, men den blir gjennomført i inneverande år. Tiltaket vert sett i samanheng med AAD-prosjektet "Statens kulturhistoriske eiendommer". Rehabiliteringsarbeida inneber at det er behov for mellombelse lokale. UMB er i ferd med å gjera klar kontor og nokre generelle undervisningsrom. Det er viktig å få kartlagt behovet for spesialrom til forskning og undervisning, slik at desse står klar når bygggearbeida startar.

Miljøspørsmål

Miljø er eitt av fleire hovudsatsingsområde ved UMB. Det er svært viktig å finne berekraftige løysingar på dei problem som negative miljøeffektar skapar i dagens samfunn. UMB har stor miljøfagleg kompetanse, og den skal vi utnytte for å hjelpe samfunnet med konkrete problemløysingar.

UMB er miljøsertifisert etter NS-EN ISO 14001. Verksemda ved institusjonen skal vere miljøvenleg. Dette skal synast att og dokumenterast innanfor forskning, undervisning og drift. Universitetet skal vere eit miljømessig føredøme for andre universitet og høgskolar.

Den gode trenden med positive resultat innanfor miljøvenleg drift held fram også i 2004. Dette gjelder særleg forbruket av energi og vatn, der det er gjennomført vesentlege investeringar dei siste åra.

I tillegg er det lagt ned myke ressursar i utskifting av PCB-haldig lysarmatur. Resultata på miljøområdet vert lagt fram i ein eigen rapport.

I 2004 er det starta opp eit arbeid med å prosjektere rehabilitering av bygg ved UMB. I dette arbeidet er det gjort ein stor innsats for å markere UMBs miljøprofil gjennom å velje dei beste miljøløysingane. Året har også vore prega av UMBs spisskompetanse innanfor kretsloopsteknologi, eit arbeid som blir ført vidare i 2005.

UMB har innleia eit samarbeid med Østfoldforskning for få større miljø- og ressurseffektivitet ved innkjøp av kontormateriell. Det blei også innleia eit humanitært samarbeid med FAIR Recycling for gjenbruk av IKT-utstyr frå UMB i u-land. Begge desse prosjekta held fram i 2005.



Verksemda ved UMB skal vere miljøvenleg.

Rekneskap 2004

Årsrekneskapen for 2004 er utarbeidd i medhald av rekneskapslova, men tilpassa instruksar og retningslinjer frå Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD).

Årsrekneskapen beskriv drifta i 2004 og statusen per 31.12.04 på ein korrekt måte. Det er ikkje knytte spesielle usikre moment til rekneskapen. Det har heller ikkje oppstått vesentlege forhold som betyr noko for universitetets økonomiske stilling etter at rekneskapen for 2004 blei avslutta.

Målet for UMB er å nytte midlane som UFD årleg stiller til disposisjon slik at vi gjennomfører oppgåvene institusjonen har fått tildelt. Sett i lys av dette er 26,1 mill. kroner av 2004-tildelinga sett av for å møte

forpliktingar i framtida.

UMB får også tilskot frå Noregs forskingsråd til finansiering av forskingsprogram og –prosjekt. I 2004 er det inntektsført tilskot på til saman 139,6 mill. kroner. Desse løyvingane viste ein svak nedgang i 2004 samanlikna med tidlegare år.

Likviditet

Ved slutten av året hadde UMB i overkant av 294 mill. kroner i omløpsmidlar. Av dette var 252 mill. kroner likvide midlar plasserte i Statens konsernkontoordning.



Eit fagpanel konkluderte i 2004 med at UMB burde verte universitet. Komiteen vart leia av professor Jens Erik Fenstad (midten).

Årsresultat 2004

Resultat (Beløp i NOK 1000)			
	Note	2004	2003
1. Tilskot	1, 17		
Tilskot frå UFD og andre departement		451 863	420 609
Tilskot frå Noregs forskingsrådR		139 602	149 813
2. Driftsinntekter	2		
Inntekter frå oppdrag		115 712	112 350
Sal av eigedom, utstyr og liknande		2 701	10 394
Andre inntekter		39 845	29 965
Sum inntekter		749 723	723 131
3. Driftskostnader			
Lønskostnader	3	(429 074)	(403 469)
Investeringar	4	(29 080)	(35 393)
Andre driftskostnader	5	(246 054)	(228 507)
Sum driftskostnader		(704 207)	(667 370)
4. Driftsresultat før avrekning av løyvingfinansiert verksemd		45 516	55 762
Netto avrekning av løyvingfinansiert verksemd	17	(49 587)	(59 917)
5. Driftsresultat etter avrekning av løyvingfinansiert verksemd		(4 071)	(4 156)
6. Finansielle postar	6	(29)	(77)
7. Ordinært resultat		(4 099)	(4 233)
8. Ekstraordinære postar	7		
Ekstraordinær inntekt		5 250	-
Ekstraordinær kostnad		-	5 134
Sum ekstraordinære postar		5 250	5 134
9. Resultat frå årets verksemd		1 151	901
10. Resultat av løyvingfinansiert verksemd belasta eigenkapital			
Annan eigenkapital		-	-
11. Resultat frå eksternt finansiert verksemd		1 151	901
12. Disponering av resultat frå eksternt finansiert verksemd			
Til annan eigenkapital	18	1 151	901
13. Sum fordelt		1 151	901

Balanse (Beløp i NOK 1000)			
	Note	2004	2003
EIGEDELAR			
A. Anleggsmidler			
III. Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjar og andelar	8	17 277	17 197
B. Omløpsmidlar			
I. Varer	9	2 378	1 769
II. Fordringar			
Kundefordringar	10	24 455	19 500
Prosjektfordringar	11	7 525	5 680
Andre fordringar	12	8 034	5 092
III. Investeringar			
IV. Bankinnskott, kontantar og liknande	13	251 828	191 521
SUM EIGEDELAR		311 496	240 759
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Innskoten eigenkapital			
Aksjar finansiert over statsrekneskapen	8	15 340	15 460
Sum innskoten eigenkapital		15 340	15 460
D. Opptent eigenkapital			
I. Bunden eigenkapital	19	1 925	1 725
II. Opptent eigenkapital	18	2 523	1 572
Sum opptent eigenkapital		4 448	3 297
E. Gjeld			
I. Avsetning for forpliktingar	17	131 326	81 739
II. Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	14	21 748	18 309
Skuldige skattetrekk		16 405	14 850
Andre skuldige offentlege trekk		1 923	1 409
Skuldige offentlege avgifter	15	16 699	10 706
Avsette feriepengar		34 017	32 345
Prosjektgjeld	11	52 288	50 173
Annan kortsiktig gjeld	16	17 305	12 470
Sum gjeld		291 708	222 002
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		311 496	240 759

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING – TILPASSA MODELL (Beløp i NOK 1000)		
	2004	2003
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Driftsresultat etter avrekning av løyvingfinansiert verksemd	(4 071)	(4 156)
Kostnadsføring av driftsmidlar	29 080	35 393
Endring i varelager	(610)	(1 115)
Endring i fordringar	(9 742)	(9 138)
Endring i prosjektfordringar/-gjeld	2 115	29 471
Endring i leverandørgjeld	3 439	10 104
Endring i annan kortsiktig gjeld	9 756	(5 284)
Endring i andre tidsavgrensa postar	4 811	(6 355)
(A) Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	34 777	48 920
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Investering i aksjar	200	1 500
Kostnadsføring av driftsmidlar	29 080	35 393
(B) Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	29 280	36 893
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
Endring i avsett andel av løyvingfinansiert verksemd	49 587	36 444
Netto finansinntekt/(-kostnad)	(29)	(77)
(C) Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	49 558	36 367
Kontantstraumar frå andre endringar		
Sum ekstraordinære postar	5 250	5 134
(D) Netto kontantstraum frå andre endringar	5 250	5 134
(E) Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande (A-B+/-C+/-D)	60 306	53 528
(F) Bankinnskot, kontantar og liknande ved starten av perioden	191 522	137 994
Bankinnskot, kontantar og liknande ved slutten av perioden (F+/-E)	251 828	191 522

NOTER

Note 1 Spesifikasjon av tilskot

	2004	2003
Årets tilskot frå UFD	451 070	418 037
Årets tilskot frå UFD, andre departement og statlege etatar	793	2 572
Årets tilskot frå UFD, andre departement og statlege etatar	451 863	420 609
Årets tilskot frå Noregs forskingsråd	139 602	149 813

Note 2 Spesifikasjon av driftsinntekter

	2004	2003
Inntekter frå oppdrag:		
Statlege etatar	53 118	48 700
Kommunale etatar ¹⁾	2 720	6 713
Næringsliv/privat	36 879	34 224
Stiftingar	6 473	8 200
Utanlandske oppdragsgjevarar, herunder EU	16 522	14 513
Sum inntekter frå oppdrag	115 712	112 350

¹⁾ For 2003 inkludert 3,62 mill kroner knytt til kursavgifter frå etter- og vidareutdanningsverksemda

Sal av eigedom, utstyr og liknande	2004	2003
Sal av eigedom ²⁾	2 676	10 059
Sal av utstyr	25	335
Sum sal av eigedom, utstyr og liknande.	2 701	10 394

²⁾ Universitetet for miljø- og biovitenskap har fullmakt til å disponere inntekter frå sal av eigedom til kjøp, vedlikehald og bygging av lokale til undervisnings- og forskingsformål ved eigen institusjon jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2002-2003) vedtak II. UMB selde i 2003 ei rekkje bustadeigedomar og tomter. Tilsvarande objekt er ikkje realiserte i 2004, sidan dei fleste festetomtene vart selde fram til 2003.

Andre inntekter	2004	2003
Landbruksprodukt	6 216	6 455
Leigeinntekter	5 278	5 710
Kursavgifter frå etter- og vidareutdanning ³⁾	7 024	-
Øvrige andre inntekter	21 327	17 800
Sum andre inntekter	39 845	29 965

³⁾ UMB la frå 2004 om inntektsføringa av kursavgifter frå etter- og vidareutdanning for å gjere dei meir synlege.

Sum driftsinntekter	158 258	152 709
----------------------------	----------------	----------------

Note 3 Lønskostnader, talet på tilsette mm

	2004	2003
Lønningar	(303 663)	(293 469)
Feriepengar	(36 638)	(33 638)
Arbeidsgjevaravgift	(51 946)	(50 113)
Pensjonskostnader	(37 241)	(35 606)
Sjukepengar og andre refusjonar ¹⁾	15 299	12 856
Andre ytingar ²⁾	(14 886)	(3 498)
Sum lønskostnader	(429 074)	(403 469)
Gjennomsnittleg tal årsverk i løpet av rekneskapsåret	870	855

1) Sjukefråvær utover arbeidsgjevarperioden auka frå 3,7 % i 2003 til 4,4 % i 2004

2) Inkludert i dette beløpet er periodiseringar av lønskostnader. Endringa i størrelsen på beløpet frå 2003 til 2004 skuldast i første rekkje forhold knytte til periodisering av løn.

Note 4 Anskaffing, påkostnader og vedlikehald av driftsmidar

Som følge av rekneskapsreglane for universitets- og høgskolar blir alle investeringar og påkostnader kostnadsførte direkte. Anskaffingar med kostpris høgare enn kr 30.000, og med levetid utover 3 år er å rekne som investeringar. Vedlikehald vert kostnadsført ved gjennomføring

Rekneskapsposten omfattar av anskaffingar og påkostnader til:	2004	2003
Vitskapleg utstyr	(16 718)	(18 422)
Anna utstyr og inventar	(12 362)	(16 971)
Sum anskaffing og påkostnader av driftsmidar	(29 080)	(35 393)

Note 5 Andre driftskostnader

Andre driftskostnader omfattar:	2003	2002
Husleige	(2 283)	(1 858)
Vedlikehald av egne bygg og anlegg ¹⁾	(30 092)	(18 701)
Andre kostnader til drift av eigedom og bygningar ²⁾	(38 452)	(45 988)
Mindre utstyrsanskaffingar	(43 249)	(39 140)
Konsulenttenester og andre kjøp av framandytingar ³⁾	(57 807)	(50 320)
Reiser og diett	(28 555)	(29 609)
Kostnader til tele og data (ikkje utstyrsanskaffingar)	(4 339)	(4 708)
Andre kontorkostnader	(9 653)	(11 689)
Øvrige driftskostnader ⁴⁾	(31 624)	(26 494)
Sum andre driftskostnader	(246 054)	(228 507)

¹⁾ Auken frå 2003 til 2004 inkluderer blant anna 4,0 mill. kroner som utgjør UMBs andel av Statsbyggs prosjektering av rehabiliteringa av Sørhellinga, i tillegg til auka satsing på vedlikehald i 2004.

²⁾ Reduksjonen frå 2003 til 2004 skuldast i stor grad store innsparingar på energisida pga. gunstige prisavtalar, og temperaturforhold i 2004 kontra 2003.

³⁾ Auken frå 2003 til 2004 knyter seg til auka kjøp av slike tenester i samband med den eksternfinansierte verksemda.

⁴⁾ Auken frå 2003 til 2004 skuldast i første rekkje toll og avgifter pga. store utstyrsinnkjøp frå utlandet.

Note 6 Finansielle postar		
	2003	2002
Finansinntekter:		
Renteinntekt	-	-
Motteke utbytte frå eigenfinansierte aksjar	-	-
Anna finansinntekt (agio)	160	132
Sum finansinntekter	160	132
Finanskostnader:		
Rentekostnad	(59)	(91)
Anna finanskostnad (agio)	(130)	(118)
Sum finanskostnader (agio)	(189)	(209)
Sum finansielle postar	(29)	(77)

Note 7 Ekstraordinære postar		
	2004	2003
Ekstraordinære inntekter		
Ekstraordinær inntekt som følge av endring i rekneskapsprinsipp ¹⁾	5 250	-
Sum ekstraordinære inntekter	5 250	-

¹⁾ På bakgrunn av at internrekneskapen har blitt ført etter tilnærma rekneskapsprinsippet, og eksterne rekneskapen etter kontantprinsippet fram til 2001, har dette medført at prosjekta innanfor EFV har blitt belasta i medhald av prinsippa i internrekneskapen, mens netto prosjektgjeld har blitt avstemt i forhold til kontantrekneskapen. Avviket oppsto på bakgrunn av den forskyvninga av belastningstidspunkt og reell belastning som skjedde mellom internrekneskap og eksterne rekneskap fram til 2003. Denne differansen er derfor inntektsført som ei ekstraordinær inntekt.

	2004	2003
Ekstraordinære kostnader		
Ref. av mva for 2000-2002 pga. endra mva-ordning ved Senter for husdyrforsøk	-	4 378
For mykje innbetalt arbeidsgjevaravgift i 2002	-	756
Sum ekstraordinære kostnader	-	5 134
Sum ekstraordinære postar	5 250	5 134

Note 8 Investeringar i aksjar og selskapsandelar, leigebuarinnskot

Aksjar, selskapsandelar og leigebuarinnskot anskaffa før 31.12.2002 er ført opp etter kostmetoden, men med ein tilsvarande motpost slik at netto balanseført verdi blir null. Investeringar (eigenfinansierte) i aksjar m.v. anskaffa etter 31.12.2002 er rekneskapsførte etter kostmetoden.

	Forretnings- kontor	Stemme- andel	Brutto balanse- ført verdi
Aksjar inkludert i statens kapitalregnskap			
Sem Gjestegård AS	Asker	100,0 %	3 000
Senter for forteknologi AS (ForTek) ¹⁾	Ås	46,2 %	9 000
Institutt for Akvakulturforskning AS (Akvaforsk)	Ås	34,1 %	2 900
Instrumenttjenesten AS (ITAS)	Ås	35,0 %	350
Graminor AS	Hamar	0,8 %	90
Låneinnskot Honningcentralen			8
Andel Prior Norge A/S			4
Aksjar finansiert ved egenkapital EFV			
Bioparken AS ²⁾	Ås	19,9 %	1 725
Biopolis BA ³⁾	Ås	16,7 %	200
Balanseført verdi 31.12.			17 277

¹⁾ Aksjane i ForTek er rekneskapsførte med pålydande verdi (tilsvarande dei beløpa som er posterte i statsregnskapet) i motsetning til 2003 der dei var regnskapsførte til kostpris (3,0 mill kroner). Balansetala for 2003 er korrigerede i forhold til dette.

²⁾ Aksjane i Bioparken AS er sette saman av 600 aksjar (1,500 mill kroner) finansiert ved egenkapital og 90 aksjar (225.000 kroner) finansiert over statsregnskapet. Etter råd frå Undervisnings- og forskingsdepartementet er desse aksjane førte med finansiering over egenkapital (Brev av 23. juli 2004).

³⁾ Andelane i Biopolis BA er anskaffa i 2004 jf. note 18 og 19

Aksjane i Ås sentrumsutvikling (100.000 kroner) blei selde i løpet av 2004. Salet hadde ingen resultat effekt. Midlane er tilbakeført til statsregnskapet.

Norwegian Consortium for Development and Environment AS (NODE) blei avvikla i løpet av 2004 (20.000 kroner).

Note 9 Varer

Varelager er vurdert til lågaste av kjøpskostnad og verkeleg verdi. Varelager knytter seg til innsatsfaktorar i samband med forskning og undervisning ved UMB. Det eksisterer ikkje lager av vesentleg størrelse med tanke på vidaresal.

	2003	2002
Olje og diesel	1.222	789
Kunstgjødsele, fôr etc.	1 156	980
Sum kjøpskostnad	2 378	1 769
Varelager vurdert til kjøpskostnad	2 378	1 769
Varelager vurdert til verkeleg verdi	2 378	1 769
Sum ukurans	-	-
Sum balanseførte varer	2 378	1 769

Note 10 Kundefordringar								
							2004	2003
Kundefordringar til pålydande ¹⁾							24 455	19 500
Avsett til latent tap ²⁾							-	-
Sum kundefordringar							24 455	19 500
Kostnadsført tap utgjør ³⁾							458	112
Aldersfordeling kundefordringar:								
Tal dagar	Ikkje forfalle	1-30	31-60	61-90	91-180	181-360	>360	Sum
2004	16 986	6 047	561	247	198	198	219	24 455
2003	8 118	8 933	808	777	294	293	278	19 500

¹⁾ Auken i kundefordringar relaterer seg til utfakturering seint på året overfor store kundar innanfor eksternfinansiert verksemd, i tillegg til Noregs forskingsråd.

²⁾ Ein reknar med å få inn kundefordringane. Det er difor ikkje sett av midlar til latente tap.

³⁾ Tapa knyter seg i første rekkje til fordringar på Senter for fortetnologi AS (0,370 mill. kroner) i tillegg til konkurs i Energos ASA (50 000 kroner)

Note 11 Prosjektfordringar/-gjeld			2003	2002
Opptent, ikkje fakturert inntekt i aktive prosjekt			7 525	5 680
